

**PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND**

Møte: 3-2017
Tid: Fredag 8. desember kl. 11:00 - 14:30
Stad: Alver hotel

Til stades:

Ordfører:	Karstein Totland, Astrid Aarhus Byrknes, Tom Kristian Thorsen, Øyvind Oddekav, Jon Askeland, Anne Dahle Austrheim, Alf Terje Mortensen
Rådmenn:	Svein Helge Hofslundsengen, Jarle Landås, Reidun Halland, Marin W. Kulild, Jo Bjarte Tømmerbakke
NUI:	Rune Heradstveit
Andre:	
Forfall:	Hallvard Oppedal, Jarle Skeidsvoll, Per Lerøy, Stian Herøy, Jan Olav Osen, Ingvild Hjelmtveit, Ørjan Raknes Forthun, Ingebjørg Vamråk

Sak 26/17	Godkjenning, møteinnkalling og saksliste Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 27/17	Godkjenning protokoll møte 2-2017 Møteprotokoll frå møte 2-2017 vart godkjent utan merknadar.
Sak 28/17	Nordhordlandspakken AS – veggen vidare. Jon Askeland informerte om status for Nordhordlandspakken og selskapet. Nordhordlandspakken gjekk gjennom eit samla Storting onsdag 29. november, dermed er pakken klar for produksjon. I Stortingsproposisjonen for «Nordhordlandspakken» står det at Sørvest bompengeselskap skal ta seg av bompengeneinnkrevjinga. Dette selskapet har no fått namnet Ferde AS og overtar ansvaret for det vedtekne prosjektet, men det er d.d. ikkje endeleg avklart korleis det finansielle skal handterast i selskapet. Det skal no etablerast eit kontaktutval i Nordhordland som skal styra pakken. Nordhordlandspakken AS har inga rolle i dette prosjektet. Dermed må framtida til selskapet «Nordhordlandspakken AS» drøftast, noko eigarane må ta fatt i. Jon Askeland og Rune Heradstveit deltok 7. november i eit møte med fylkeskommunen og vegvesenet vedr etablering av dette kontaktutvalet. Erfaringar frå bl.a. Bømløypakken, Kvammapakken og Askøypakken viser at kontaktutvalet må vera lite slik at det fungerer som eit arbeidsutval. Det vart i dette møtet føreslått at utvalet skulle bestå av 2 representantar frå Nordhordland (ein politisk og ein administrativ), 2 representantar frå fylkeskommunen og to frå vegvesenet. Så snart Regionrådet i Nordhordland har peika ut sine representantar, vil kontaktutvalet bli kalla inn til fyrste møte. Pakken består av 19 prosjekt – og nesten kr 1,4 mrd. Av desse midlane skal kr 48 mill. brukast i kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden og Modalen, resten skal brukast i «Alverkommunane».

Prosjektansvarleg er i gong med å jobba med dei 12 fyrste, og blant desse ligg alle prosjekta i kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden og Modalen.

Det er iht Stortingsvedtaket / Stortingsproposisjonen for «Nordhordlandspakken, Regionrådet i Nordhordland som skal peika ut personar til kontaktutvalet. Jon Askeland meinte det var naturleg at den framtidige Alver kommune som har størstedelen av prosjekta, stiller med den politiske representanten og føreslo at dette er Øyvind Oddekalv. Vidare at dagleg leiar i NUI Rune Heradstveit er den administrative representanten og spesielt representerer dei andre kommunane.

Det var enighet i rådet om å støtta forslaget, men det kom opp forslag om å nemna opp varamedlem. Leif Hosøy Sleire vart føreslått til vara for Øyvind Oddekalv og Jarle Landås for Rune Heradstveit.

Vedtak:

Regionrådet oppnemner Øyvind Oddekalv og Rune Heradstveit til medlemmer i kontaktutvalet for Nordhordlandspakken.

Leif Hosøy Sleire vert oppnemnt som varamedlem for Øyvind Oddekalv og Jarle Landås som varamedlem for Rune Heradstveit.

Selskapet Nordhordlandspakken AS

Jon Askeland og Rune Heradstveit informerte om eigarskapet - og kva dei meinte er den riktige vegen vidare for selskapet etter stortingsvedtaket. Selskapet «Nordhordlandspakken AS» er eigd av Nordhordland Utviklingsselskap IKS med 40 %, Hordaland fylkeskommune med 40 % og Bergen kommune med 20 %.

Med bakgrunn i tidlegare signal, og samtalar med fylkeskommunen, er det nok lite aktuelt for dei å bidra med midlar til vidare drift av Nordhordlandspakken AS. Arbeidet med E39 frå Åsane til Nordhordlandsbrua er organisert i andre kanalar, og det er no positive signal på at ein prosess med kommunedelplan kjem i gong om ikkje lenge. Det er også særst usikkert om Bergen kommune ynskjer å bidra med vidare driftsmidlar, og skal selskapet drivast vidare må NUI henta midlar frå eigarkommunane. Askeland har snakka med samferdslesjef Håkon Rasmussen i fylkeskommunen om dette, og han vurderer også at fylkeskommunen kan trekkja seg ut, men at dette er ei politisk sak, der initiativet må koma frå Nordhordland.

Alternativ er:

- Selskapet Nordhordlandspakken AS vert anten avvika, eller må få endra vedtekter. Dersom det siste vert gjort, så kan fylkeskommunen likevel trekkja seg ut. Det er usikkert om kva Bergen kommune vil gjera. Det må i såfall sjekkast ut.
- Eit selskap utan fylkeskommunen og med dei arbeidsoppgåvene som ligg framfor regionen i forhold til å få framdrift på E39 Åsane - Nordhordlandsbrua treng ikkje vera rigga som eit aksjeselskap, men meir som eit utval, og elles at ordførarane gjennom Regionrådet jobbar aktivt mot Bergen kommune og Statens vegvesen som ein elles har gjort siste året – jfr. blant anna dei to gode møta med Bergen kommune, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Derfor trengst ikkje eit eige styre og med det som fylgjer av styrehonorar, utgifter til rekneskapsføring og revisjon m.v.

Dersom det vert aktuelt å ta fatt på større jobboppdrag i regionen seinare, så kan ein fritt rigga eit nytt selskap med styre, men dette ligg sannsynleg nokre år fram i tid.

Askeland og Heradstveit føreslo at Regionrådet ber NUI ta eit initiativ overfor dei andre aksjonærane med tanke på avvikling av selskapet Nordhordlandspakken AS.

	<p>Vedtak: Regionrådet ber NUI ta eit initiativ ovanfor dei andre aksjonærane med tanke på avvikling av selskapet Nordhordlandspakken AS. Dette bør skje gjennom vedtak på ei ekstraordinær generalforsamling så tidleg som mogleg i 2018. Regionrådet ber vidare om at NUI vurderer om ein i staden for selskapet, bør få Bergen kommune med på å setja ned eit eige E39-utval.</p>
Sak 29/17	<p>Fag og kompetansebehov i Nordhordland (samarbeidsprosjekt skule-arbeidsliv). Søknad om prosjektmidlar Øyvind Oddekalv informerte om at det vert jobba for å få på plass eit delprosjekt, eit samarbeidsprosjekt mellom skule og arbeidsliv, for å sjå på framtidig fag- og kompetansebehov i Nordhordland. Prosjektet inngår som ein del av eit hovudprosjekt i Hordaland i regi av fylkeskommune «Plan for samarbeidsprosjekt Skule- arbeidsliv», der dei vidaregåande skulane er viktige aktørar.</p> <p>Delprosjektet er eit samarbeid mellom Næringslivet i regionen og Regionrådet i Nordhordland ved Nordhordland Utviklingsselskap IKS der hensikta er å få frem kunnskapsgrunnlag om trongen for framtidig fagtilbod, kompetanse og arbeidskraft i Nordhordland og Gulen.</p> <p>Vedtak: Regionrådet i Nordhordland er særst positivt til det initiativet som er tatt i regionen om å få på plass eit samarbeidsprosjekt mellom skule og arbeidsliv for å sjå på framtidig fag- og kompetansebehov i Nordhordland. Regionrådet i Nordhordland stiller seg bak at Nordhordland Utviklingsselskap IKS saman med Nordhordland Næringslag sender ein søknad om prosjektmidlar (HNH-midlar) til Hordaland fylkeskommune. Regionrådet vil saman med Nordhordland Næringslag stilla med ressursar til dette prosjektet.</p>
Sak 30/17	<p>Rapport – etablererfond Bergensregionen. Rune Heradstveit orienterte om status for etablererfond Bergensregionen (22 kommunar) som NUI har ansvaret for. Til saman har NUI bevilga vel 3 mill. kroner til 63 etablerer. 7 av desse er frå Nordhordland (Lindås 4, Modalen 2, Radøy 1). Alt er no delt ut, og søknadssida er stengt. Dersom fylkeskommunen sett av slike midlar for 2018, må me reklamera aktivt for dette i regionen.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>
Sak 31/17	<p>Informasjon frå Alverkommunane. Leiar i fellesnemnda Øyvind Oddekalv informerte om status for prosessane og arbeidet med samanslåinga til Alver kommune. Det har vore jobba med eit styringsdokument som skal gje rammer for det vidare arbeidet. Fellesnemnda har nettopp vedtatt eit budsjett for 2017-20, til saman ca. kr 55. mill. til å førebu og slå saman kommunane. Ein har kartlagt nesten 100 prosjekt som skal gjennomførast framover mot 2020.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>
Sak 32/17	<p>Informasjon om status for arbeidet med Masfjordbrua. Karstein Totland orienterte kort om status for arbeidet med Masfjordbrua og søknaden. Søknaden har fått negativt innstilling frå administrasjon i fylkeskommunen, men har fått positiv innstilling i både samferdsleutvalet og i fylkesutvalet. Det har vore knallhard jobbing dei siste månadane med søknaden.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>

Sak 33/17	<p>Meldingar og eventuelt</p> <p>Størjekonferanse Informasjon om størjekonferanse på Fedje i januar. Stian Herøy var forhindra til å koma. Det vil koma ut informasjon om konferansen – og ein kan lesa om det i media.</p> <p>Regionalt vegkart for industriutvikling – dialogmøte i Nordhordland tysdag 5. desember Astrid Aarhus Byrknes informerte kort frå møtet. HOG har gjennomført intervju med mange leverandørverksemdar innanfor olje og gass i Hordaland. Det vart no gjennomført dialogmøter i regionane i fylket. Erfaringar frå Nordhordland viser bl.a. at næringslivet burde vore flinkare til å samla seg for å sikre større kontraktar. Det er mangel på kultur for dette i Nordhordland. Det vart i møtet hevda at dei offentlege / kommunane med fordel kunne tatt ein pådrivarrolle i forhold til dette. Det vart også påpeika at det var viktig med ein nøytral part i dette. Elles vart det framheva at andre regionar / kommunar er flinkare til å ta tak viss ein høyrte noko politisk om store kontraktar som på gang. HOG reknar med å ha ferdig ein rapport i løpet av februar.</p> <p>Vedtak: Regionrådet ber om at Utval for Næring- og samfunnsutvikling tar utgangspunkt i foreløpig evaluering og den rapporten som kjem, og vurderer aktuelle tiltak i vår region, t.d. om det skal setjast ned eit breiare samansett utval som jobbar med dette på tvers av det offentlege og næringslivet.</p> <p>Seminar Astrid Aarhus Byrknes orienterte kort om eit seminar som er underplanlegging med tema beredskap, rekruttering av legar og legevakt i utkantkommunar, og som skal vera måndag 5. februar. Ansvarlege for konferansen er NUI, Norsk kompetansesenter for legevaktmedisin og Utkantlegane – eit legesamarbeid mellom kommunane Modalen og Masfjorden.</p>
-----------	--

Knarvik, 8. desember 2017

Karstein Totland

Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit

Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS